

# Prosjektskisse for utvikling av eit nytt kompetanseorgan for norsk språk

Kultur- og kyrkjedepartementet 24.3.2003

## 1. Innleiing

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet hausten 2002 har Stortinget gitt klarsignal til at departementet i 2003 kan setja i gang ein utgreiingsprosess for å omdanna Norsk språkråd til eit meir utoverretta kompetanseorgan for norsk språk, jf. St.prp. nr. 1 (2002-2003), kap. 326, s. 98.

Dette dokumentet gir ei skisse av korleis ein kan tenkja seg å innretta eit nytt organ og seier litt om prosessen, men dokument er ikkje meint å vera bindande i alle detaljar. Erfaringar og synspunkt undervegs i arbeidet kan føra til justeringar av kursen. Det er likevel behov for eit dokument av dette slaget som eit grunnlag og ein referanse for det vidare arbeidet.

Det er i budsjettproposisjonen streka under at det er tale om å skipa ein ny institusjon i staden for Norsk språkråd. I tildelingsbrevet til Norsk språkråd datert 3. januar 2003 heiter det at departementet vil ta initiativ til at dette arbeidet kjem i gang så snart råd er i 2003.

Den nye institusjonen skal ha ein direktør som dagleg leiar, og det er lagt inn midlar på budsjettet for 2003 til å oppretta denne direktørstillinga. Departementet har lyst ut stillinga med søknadsfrist 25. mars 2003. Føresetnaden er at den som blir tilsett, tek over leiinga av sekretariatet i Norsk språkråd i løpet av 2003, og at vedkomande får delta i sjølve omdanningsprosessen, og kan vera med å byggja opp den nye institusjonen frå grunnen av. Departementet legg likevel til grunn at mykje førebuande utgreiings- og evalueringsarbeid vil kunna gjennomførast i tida fram til direktøren er på plass, noko som mest truleg ikkje er tilfelle før andre halvår 2003.

Relevante grunnlagsdokument i tillegg til den nemnde budsjettproposisjonen er:

- St.meld. nr. 9 (2001-2002) *Målbruk i offentleg teneste*, særleg kap. 1.2 og 5.3.
- Innst. S. nr. 109 (2000-2001) Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om *Målbruk i offentleg teneste*
- Ot.prp. nr. 95 (2001-2002) *Om lov om endring i lov 18. juni nr. 79 om Norsk språkråd*
- Innst. O nr. 3 (2002-2003) Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om lov om endring i lov 18. juni nr. 79 om Norsk språkråd
- St.meld. nr. 13 (1997-98) *Målbruk i offentleg teneste*, særleg kap. 6.
- Innst. S. nr. 174 (1997-98) Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om *Målbruk i offentleg teneste*
- Brev av 3. januar 2003 frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Norsk språkråd: Statsbudsjettet 2003 – Tildelingsbrev til Norsk språkråd
- Brev frå Norsk språkråd til Kulturdepartementet av 5. november 1997 vedlagt notat om *Norsk språkråds fremtidige arbeidsoppgåver og organisasjonsform*
- Brev av 23. mars 1999 frå Norsk språkråd til Kulturdepartementet vedlagt notat om organiseringa av Norsk språkråd m.m.
- Brev frå Norsk språkråd av 22. mars 2002 stila til kulturministeren: *Forslag om å oppnevne en språkkommisjon*
- Brev av 21. juni 2002 frå Kultur- og kyrkjedepartementet til styret i Norsk språkråd: *Spørsmålet om språkkommisjon*

- Brev av 16. januar 2002 frå Norsk språkråd til Kultur- og kyrkjedepartementet med søknad om ekstraordinære midlar til stilling som terminolog i Norsk språkråd
- Brev av 1. mars 2002 frå Norsk språkråd til Kultur- og kyrkjedepartementet med budsjettforslag for 2003
- Notat frå styret i Norsk språkråd om ei framtidig organisering av eit offentleg språkorgan i Noreg, jf. sak R 6/03 til rådsmøtet i Norsk språkråd 13.-14. februar 2003
- Referat frå møtet i Norsk språkråd 13.-14. februar 2003, pkt. 6 Omdanning av Norsk språkråd
- Utlysing av stilling som direktør til nytt kompetanseorgan for norsk språk 4. mars 2003, jf. Norsk lysingsblad, Aftenposten, Dagbladet, Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad, Adresseavisen, Nordlys og Nettavisen.

## 2. Skisse av det nye organet

Norsk språkråd vart i si tid etablert og som eit institusjonalisert uttrykk for ulike syn på normeringa av norsk skriftspråk. Dette temaet har tradisjonelt dominert det språkpolitiske ordsiftet her i landet, men dei viktigaste stridsspørsmåla det har gitt opphav til, har kome nærmare ei prinsipiell avklaring gjennom dei siste språkpolitiske dokumenta som er behandla i Stortinget. Dette kan oppsummerast i fire punkt:

- a) Norsk rettskriving skal stabiliserast; dvs. at ein så langt råd er, skal unngå nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i enkeltspråk.
- b) Når det likevel måtte bli aktuelt å gjennomføra visse endringar, skal ein ikkje nærma målformene til kvarandre, men leggja til rette for at dei begge kan bestå på varig basis som sjølvstendige og markante variantar av norsk skriftspråk.
- c) Det formelle likeverdet og den formelle likestillinga mellom målformene i offentleg bruk skal konsoliderast og følgjast opp, i samsvar med veletablerte prinsipp og fastsette regelverk.
- d) I tillegg til å handheva den formelle likestillinga vil staten på ulike måtar stimulera bruken av nynorsk, slik at den målforma som har marknaden mest imot seg, skal kunna hevda seg meir på like vilkår i høve til det dominerande bokmålet.

Med utgangspunkt i pkt. a og b ovanfor er det i budsjettproposisjonen lagt til grunn at dei fremste språkpolitiske utfordringane ikkje lenger dreier seg om dei tradisjonelle rettskrivings- og normeringsspørsmåla, men meir om nødvendige tiltak for å verna og styrkja norsk språk. Det er nemnt fleire døme på aktuelle arbeidsoppgåver for den nye institusjonen. Jamvel Norsk språkråd har lenge arbeidd med mange av desse andre oppgåvene, men har likevel framstått først og fremst som eit språknormeringsorgan.

Det nye kompetansesenteret for norsk språk skal vera ein institusjon av ein annan karakter. Institusjonen skal ikkje byggjast opp med det for auge at han skal tilleggjast direkte språknormerande funksjonar, dvs. normering i den avgrensa tydinga å fastsetja korleis ord skal skrivast og bøyast. Ei stabilisering av rettskrivinga vil sterkt redusera behovet for tradisjonelt normeringsarbeid. Korleis det i framtida skal arbeidast med slike normeringsspørsmål som framleis kan koma opp, og kva funksjon den nye institusjonen eventuelt skal ha i så måte, vil departementet mellom anna vurdere i samband med behandlinga av rettskrivingsvedtaka frå rådsmøtet i Norsk språkråd i februar 2003. Terminologiarbeid kan uansett vera ei aktuell oppgåve for det nye organet.

Det blir elles ei deloppgåve for eit nytt kompetansesenter å forvalta gjeldande rettskriving. Men det språklege forvaltaransvaret omfattar langt meir enn dei reint formale sidene ved språket. Det nye kompetansesenteret skal stimulera og byggja opp under korrekt og god språkbruk i vid meining og skal aktivt fremja bruk av norsk språk som ein funksjonell reiskap i alle delar av samfunnet og formidla verdien av norsk språk som ein innebygd del av norsk kulturarv. Det skal skje på grunnlag av kunnskap om språkleg tradisjon og gjennom observasjon av aktuell språkutvikling. Senteret bør leggja vinn på å utnytta og samordna relevant kunnskap og kompetanse og kanalisera desse ressursane inn i eit målretta utviklingsarbeid for norsk språk.

I St.meld. nr. 9 (2001-2002) er det elles vist til at § 1 i lov om Norsk språkråd framleis er ganske godt dekkjande. Her er det tale om å "å verne den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og

gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket."

Det nærmare innhaldet i heile det oppgåvespekteret som det kan vera aktuelt for eit kompetansenter å gripa fatt i, og dimensjoneringa av dei enkelte arbeidsoppgåvene, bør stå sentralt i det utgreiings- og evalueringsarbeidet som skal gjennomførast i prosjektperioden. I samband med dette vil det måtta vurderast om språksituasjonen for personar med framandkulturell bakgrunn skal inngå som eit ansvar for det nye organet.

Først og fremst skal det nye kompetansesenteret stå til teneste for alle som treng råd og rettleiing, hjelp og støtte i språklege spørsmål. Det skal vera til av omsyn til språkbrukarane. Den statlege språkkonsulenttenesta som det er gjort framlegg om i St.meld. nr. 9 (2001-2002), er ein funksjon som det er naturleg å innarbeida som ein del av arbeidsområdet til den nye institusjonen.

Arbeidet med å føra tilsyn med lova om målbruk i offentleg teneste vil også inngå i dette. Det er i budsjettproposisjonen streka under at det må leggjast stor vekt på å finna mekanismar som sikrar at prinsippet om likestilling mellom målformene blir fullt ut tilgodesett i den nye organisasjonen. Alle tilsette må kunna nytta begge målformer skriftleg, og ein må samstundes sikra seg at det er tilnærma talmessig balanse mellom dei to målformene når det gjeld kva hovudmål dei tilsette har.

Eit kompetansesenter for norsk språk må alt i alt ha tilsette med fullgode språkfaglege kunnskapar. Samstundes tilseier føresetnaden om meir utoverretta og haldningsskapande arbeid at det trengst pedagogisk og samfunnsvitenskapleg kompetanse. Sekretariatet i Norsk språkråd vart for tre år sidan tilført to stillingar til å arbeida med spørsmål som gjeld tilhøvet mellom språk og teknologi. Dette arbeidsfeltet blir ikkje mindre sentralt i åra som kjem, og vil truleg vera naturleg å integrera som ein innebygd del av arbeidsfeltet for det nye kompetansesenteret.

Det nye organet må kunna arbeida strategisk, både med tanke på prioritering av oppgåver og i måten det opptre på overfor samfunnet ikring. Institusjonen bør leggja vekt på å utforma og formidla samfunnsoppdraget sitt slik at det festnar seg eit positivt inntrykk i opinionen, og på dette grunnlaget opparbeida seg ein naturleg autoritet. Her gjeld det også å byggja ei plattform for gode mediestrategiske vurderingar.

Departementet legg til grunn at det nye kompetansesenteret blir organisert som eit statleg forvaltningsorgan, men det kan eventuelt vurderast om delar av verksemda bør ha ei friare stilling. I den grad dei totale budsjetttrammene vil visa seg å tillata det, bør det leggjast til rette for at institusjonen kan engasjera prosjektmedarbeidarar for ein tidsavgrensa periode, eventuelt også setja bort ulike oppdrag til eksterne aktørar.

Departementet legg til grunn at institusjonen bør ha eit styre på 5 – 8 medlemmer, der også dei tilsette er med.

Ein del av det som må utgreiast vidare, er kva slags forankring den nye institusjonen eventuelt bør ha i tillegg til dei linjefunksjonane som går gjennom direktør, styre, departement og storting. I budsjettproposisjonen er det uttalt at eit rådsorgan ikkje nødvendigvis er den mest tenlege modellen for organisering og forankring av den nye institusjonen, og at alternative modellar derfor må vurderast.

Eit kompetansesenter for norsk språk må etablere gode samarbeidsrelasjonar med andre språkfaglege miljø, mellom anna innanfor universitets- og høgskolesystemet og med andre relevante forskingsmiljø, men også med grupper av språkbrukarar som blir rekna for å vera sterke språklege premissleverandørar, og grupper som er særleg sterkt utsette for språkleg påverknad.

Institusjonen må i alle høve ha ei vidare samfunnsmessig forankring enn det ein kan oppnå gjennom fast rådsrepresentasjon med formell avgjerdsrett. Ei slik ordning kan verka ekskluderande i høve til dei interessar og grupper som det av naturlege grunnar ikkje blir plass til innanfor ein formelt avgrensa kontekst. All direkte og systematisk forankring til samfunnet utanfor bør helst skje i former som inviterer til aktiv medverknad framfor å opna for passiv representasjon.

Ideelt sett må eit språkleg kompetansesenter ha gode kontaktar med alle delar av det norske språksamfunnet, ikkje berre til grupper som er språkpolitisk organiserte, eller dei som tradisjonelt har gjort seg gjeldande eller engasjert seg i språklege spørsmål. Praktisk kan dette organiserast i mange ulike former, meir eller mindre formalisert og fast. Referansegrupper, dialogfora, seminar- og møteverksemd, konferansar, e-postfora er berre enkelte stikkord som kan seia noko om dei ulike kommunikasjonsmåtene

som bør vurderast. Formene for dette treng heller ikkje fastleggjast ein gong for alle, men kan takast i bruk etter behov og på bakgrunn av dei røynslene ein etter kvart vil hausta.

### 3. Skisse av utgreiings- og etableringsprosessen

Den nye institusjonen skal byggjast opp på grunnlag av dei ressursane som blir frigjorde gjennom avviklinga av Norsk språkråd. I tillegg kjem eventuelle midlar til å følgja opp framlegget om ei statleg språkkonsulentteneste i St.meld. nr. 9 (2001-2002). Dei tilsette i sekretariatet i Norsk språkråd vil få tilbod om stillingar i den nye institusjonen. For dei tilsette inneber dette at dei går inn i ein omstillingsprosess der dei har særskilde rettar og krav på medverknad i samsvar med føresegnene i hovudavtalen i staten.

Med tanke på utforminga og organiseringa av det nye organet bør det tidleg i prosessen gjerast ei nærmare kartlegging av den kompetansen dei tilsette har, og kva dei helst ønskjer seg av framtidige arbeidsoppgåver. Departementet vil ta initiativ til at ein organisasjons- og personalkonsulent kan gjera ein gjennomgang av dette og i tillegg utarbeida ein intern organisasjonsanalyse og gjera ei evaluering av tilhøvet mellom Norsk språkråd og ulike eksterne aktørar i relasjon til problemstillingar som vil vera særleg relevante for det nye kompetansesenteret.

Det er ein føresetnad at eventuelle nyttilsetjingar i 2003 skjer i lys av den nye institusjonen som skal koma. For ordens skyld bør eventuelle utlysingar og tilsetjingar difor konfererast med departementet på førehand.

Uavhengig av dei krav og rettar dei tilsette har etter hovudavtalen, er det ein føresetnad at dei òg blir trekte direkte inn i arbeidet med å utgreia og utvikla den nye institusjonen. Dette bør skje i former som sikrar at dei tankar dei tilsette har om dette, kjem opp på bordet og fram i lyset, slik at ein i utviklingsarbeidet kan dra nytte av dei røynslene dei tilsette har hausta gjennom operativt arbeid i sekretariatet.

Det må her leggjast vekt på at dei tilsette er dei som gjennom dagleg arbeid gjennom mange år har vore mest direkte involverte i mange av dei problemstillingane som no skal tenkjast igjennom på nytt. I det omdanningsarbeidet som departementet har initiert, blir dei tilsette med dette inviterte til å engasjera seg konstruktivt i arbeidet med å utvikla den nye institusjonen. Dette inneber òg at dei tilsette må kunna fremja synspunkt som kan implisera kritikk mot vedtak og arbeidsordningar som er forankra i den organisasjonen som Norsk språkråd framleis utgjer.

Departementet vil ta initiativet til at organisasjonskonsulenten i samråd med styreleiarane og dei tilsette kan ta stilling til korleis ein formålstenleg kan organisera og gjennomføra eit slik aktivt bidrag til utviklingsarbeidet frå dei tilsette.

Av budsjettproposisjonen framgår at det elles skal leggjast til rette for medverknad frå organ og representantar i Språkrådet så langt dette er naturleg når det er Språkrådet sjølv som er gjenstand for vurdering. Den siste reservasjonen inneber at det er departementet som formelt vil styra prosessen. Dette er naturleg i og med at departementet etter oppdrag frå Stortinget har ansvaret for å leggja til rette for ein prosess der Norsk språkråd skal avviklast og erstattast av ein ny institusjon. Det vil i denne situasjonen vera naturleg at departementet trekkjer inn eksterne aktørar i tillegg til organ og representantar i Språkrådet.

Ved sidan av det utviklingsarbeidet som bør setjast i gang så snart råd er i regi av den engasjerte organisasjonskonsulenten, dei tilsette og styret, vil departementet vurdere om det etter kvart vil vera formålstenleg å oppnemna eit interimsstyre eller liknande med eksternt fleirtal.

Som ein del av organisasjonsutviklinga kan det òg bli aktuelt å gjennomføra nødvendig fagleg utgreiingsarbeid. Dette må i så fall gjelda sentrale problemstillingar innanfor det som avteiknar seg som viktige arbeidsfelt for det nye kompetansesenteret. Vi viser her til Språkrådets språkstyrkingsplan og til problemstillingar som det er vist til i brev frå Norsk språkråd av 22. mars 2002 med framlegg om ein språkkommisjon. I brev av 21. juni 2002 til styret i Språkrådet gav departementet uttrykk for at nødvendig utgreiingsarbeid bør skje i nær tilknytning til omdanningsprosessen og etter kvart i regi av det nye organet.